

Saksbehandlar: Nils Geir Myrkaskog, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/3323-2

## Tertialrapport 1/2015

**Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gje slik tilråding:  
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:  
fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

### A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2015

- 1 Rammetilskotet vert auka med 4,753 mill. kr.
- 2 Utbytte vert auka med 19,800 mill. kr.
- 3 Konesjonskraftinntektene vert auka med 2,300 mill. kr.
- 4 Auka lokale inntekter i punkt 2 og 3 vert avsett til bufferfond.
- 5 Driftsmidlar til investering vert auka med 0,400 mill. kr.
- 6 Sektorbudsjettet til forvaltning vert auka med 1,855 mill. kr.  
*Teneste 4200 Administrasjon vert auka med 1,300 mill.kr.*  
*Teneste 4205 Interne støtteiningar vert auka med 0,155 mill.kr.*  
*Teneste 4201/4204/4801 personal vert auka med 0,400 mill.kr.*
- 7 Sektorbudsjett til opplæring vert redusert med 12,327 mill. kr.  
*Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 0,710 mill.kr.*  
*Teneste 5151 Fellesutgifter for skulane vert auka med 0,900 mill. kr.*  
*Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 1,300 mill. kr.*  
*Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 10,000 mill. kr.*  
*Teneste 5211 Gratis læremiddel vert redusert med 0,900 mill. kr*  
*Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert samla redusert med 0,317 mill. kr.*
- 8 Sektorbudsjett til kultur vert auka med 1,288 mill. kr.  
*Teneste 7710 Kunstformidling vert auka med 0,988 mill. kr.*  
*Teneste 7900 Andre kulturaktivitetar vert auka med 0,300 mill. kr.*
- 9 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved avsetjing til bufferfond med 13,537 mill. kr.

### B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2015

- 1 Investeringsprogrammet for bygg og anlegg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 1.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 2.
- 3 Salsinntekter frå kapitalrekneskapan 2014 på 2,532 mill. kr, som var avsett til kapitalfond, vert nytta til ekstraordinære avdrag.

### C. Andre område

- 1 Det vert vedteke eit nytt punkt 2.6.9 i budsjettreglementet slik:

«Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere naudsynte transaksjonar, dvs. både bruk og avsetting av fond, på disposisjonsfondet 25699980 Intern fordeling. Avsette midlar på dette disposisjonsfondet kan nyttast på alle programområde/tenester»

Punkta 2.6.9-2.6.11 i gjeldande budsjettreglement vert etter dette punkt 2.6.10 - 2.6.12

- 2 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 3 vert teken til vitande.
- 3 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 4 vert teken til vitande.

#### Vedlegg:

1. Investeringsprogrammet for bygg og anlegg med tilhøyrande finansieringsplan.
2. Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan.
3. Rapportering på finansporteføljen.
4. Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga.

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. ØKONOMISK STATUS**

Den omstillingsprosessen fylkeskommunen no er inne i som følgje av den store reduksjonen i framtidige inntekter, vil føre til at heile den fylkeskommunale verksemda må vurderast. Dette arbeidet er omfattande og vil ta tid.

Det er no vesentleg at fylkeskommunen evnar å gjere opp rekneskapen i balanse dei komande åra slik at vi ikkje skyv føre oss underskot som må løysast i tillegg til den årlege nedtrappinga av rammetilskotet.

Iverksetjing av så omfattande nedskjeringar som det her er snakk om, vil føre til omstillingskostnader på kort sikt, og til at vi enkelte år ikkje kjem heilt i mål med å realisere store nok innsparingar. Fylkesrådmannen tilrår difor gjennom denne tertialrapporten at all frigjort kapital vert avsett til bufferfondet for å møte slike salderingsutfordringar.

Den økonomiske stoda pr. første tertial 2015 viser at samla driftsrammer i 2015 kan nedjusterast med 13,5 mill. kr, samstundes som auka lokale inntekter i høve budsjettet fullt ut kan avsetjast til bufferfond. Dette, saman med fylkesrådmannen si tilråding gjennom rekneskaps-saka om å avsetje rekneskapsoverskotet for 2014 til bufferfondet, gjer at vi samla sett aukar tilgjengelege fondsmidlar med nær 80 mill. kr.

For investeringsbudsjettet er hovudtyngda av justeringar innan bygg oppattløyving av ubrukte midlar i 2014. Investeringsbudsjettet for veg vert nedjustert med omlag 37 mill. kr i 2015. 21 mill. kr vert nytta til å dekke inn meirforbruket i 2014, og resterande 16 mill. kr vert forskyvd til budsjettåret 2016.

## **2. DRIFTSBUDSJETTET**

### **2.1 Fylkesskatt og statlege overføringar**

#### Skatt

Samla skatteinngang for fylka syner ved utgangen av mars ein vekst på 3,6% i høve same periode i fjor. Vårt skatteanslag er basert på ein skattevekst på 4,4% på landsbasis jf. statsbudsjettet. Dersom ein slik svikt i dei samla skatteinntektene til fylkeskommunane står seg ut året, vil det gi

ein svikt i skatteinntekter/skatteutjamning på ca. 4,5 mill. kr i høve budsjettet. Fylkesrådmannen legg ikkje opp til å justere budsjettet no, men kjem attende til problemstillinga i T2/15.

#### Rammetilskot

Etter slutthandsaminga av statsbudsjettet for 2015 i Stortinget vart rammetilskotet til Sogn og Fjordane fastsett til 1 653,9 mill. kr, dvs. 4,753 mill. kr meir enn det vi la til grunn for budsjett 2015. Om lag 3 mill. kr av denne auken var knytt til tilsvarande auke i driftskostnadane (den kulturelle spaserstokken og auka lærlingstilskot). Dei resterande 1,8 mill. kr var «frie midlar».

Med bakgrunn i dette vert budsjettetert rammetilskot no auka med 4,753 mill.kr.

## **2.2 Renteinntekter/-utgifter**

#### Renteinntekter

Delen av renteinntektene som skal tilførast fond og spesifikke tilskot (t.d. KMD-midlar) ser ut til å verte noko høgare enn budsjettetert. Dette er med på å redusere inntektene som kan nyttast til generell finansiering av den fylkeskommunale drifta. Ein høgare snittlikviditet i første tertial gjev oss samtidig noko høgare inntekter enn føresett. Det er uvisse knytt til gjennomsnittlikviditeten for resten året.

Føresett rentekompensasjon vert truleg lågare enn budsjettetert. Dette skuldast både eit lægre investeringsnivå på fylkesvegar i 2015 og eit lægre rentenivå enn føresett i budsjettet.

Fylkesrådmannen vil ikkje tilrå å endre budsjettet knytt til renteinntekter og rentekompensasjon no, men vil kome attende til dette i tertialrapport 2/15.

#### Renteutgifter

Eit lægre rentenivå enn føresett fører til at prognosane for renteutgifter i 2015 vert noko nedjustert. Innsparinga i budsjettetert, etter gjeldande rutine for kapitalutgiftene, nytta til ekstraordinær avdragsbetaling.

## **2.3 Lokale inntekter**

#### Utbytte

Styret i SFE har foreslått eit utbytte på 77,4 mill. kr. Generalforsamlinga skal handsame dette 18. juni 2015. Utifrå eigarfordelinga betyr dette 37,3 mill. kr til fylkeskommunen. I budsjettetert for 2015 la vi til grunn 17,5 mill. kr. Vi kan difor auka denne inntekta med 19,8 mill. kr.

Styret i Fjord1 har (pr. 11.05.15) foreslått for generalforsamlinga eit utbytte på 50 mill. kr. Utifrå eigarfordelinga betyr det 29,5 mill. kr til F1 Holding. F1 Holding kan gje dette som utbytte til fylkeskommunen først i 2016.

#### Konsesjonskraft

Nivået på våre inntekter frå konsesjonskrafta er i hovudsak avhengig av to komponentar; volum og pris. I budsjettetert for 2015 er eit volum på 373 Gwh (lik 2014) og eit prisbilete våren 2014 lagt til grunn. Etter innmelde uttak frå kommunane for 2015 viser det seg at fylkeskommunen sitt volum er om lag 20 Gwh høgare enn føresett. Tertialrapport 1/15 (vedlegg 2), basert på prisane i marknaden pr. 30.04.15, viser at vi kan oppjustere inntektene våre med 2,3 mill. kr.

Prognosane i vedlegg 2 viser at det også er grunnlag for ei oppjustering av prognosane for konsesjonskraftinntektene i økonomiplanperioden 2016-2019. Dette kjem fylkesrådmannen attende til i arbeidet med komande økonomiplan.

Oppsummert kan våre lokale inntekter aukast slik i høve budsjettetert for 2015:

Utbytte	19,8 mill. kr.
Konsesjonskraft	<u>2,3 mill. kr.</u>
Sum lokale inntekter	<u>22,1 mill. kr.</u>

I tråd med vedteken bruk av lokale inntekter til driftsføremål (65 mill. kr/år), vert denne auken kanalisert mot bufferfondet.

## 2.4 Pensjonsutgifter

Pensjonspremien til KLP vert lægre enn føresett i 2015. Dette skuldast i hovudssak nedjusterte forventningar til årslønsveksten frå 2014-15. For oss får ikkje dette effekt i rekneskapan for 2015, men premieavviket som skal utgiftsførast i 2016 vert redusert. Forventa reduserte utgifter til pensjon framover vert omhandla i økonomiplan 2016-19.

## 2.5 Forvaltning

### Teneste 4200 Administrasjon

I arbeidsdokument 4/14 orienterte fylkesrådmannen om omstillingsprosjektet SFJ 2019. Som ein konsekvens av opprettinga av SFJ 2019 vart skulebruksplanen sitt «prosjekt personal» fasa inn i det samla omstillingsarbeidet. I tråd med dette vert det no lagt opp til å flytte tilhøyrande administrative ressursar på 1,3 mill. kr (løn, reise, drift etc.) frå programområde 520 (budsjettpost for «prosjekt personal») til programområde 420 (budsjettpost for «SFJ 2019»).

### Teneste 4205 Interne tenesteeiningar

I samband med innkjøp og innføring av E-handel i 2014 følgjer det årleg lisenskostnad på 0,155 mill. kr. Ved ein feil vart desse kostnadane ikkje budsjettert i 2015. Fylkesrådmannen tilrår at dette no vert retta opp ved å auke teneste 4205 med 0,155 mill. kr.

### Teneste 4201/4204/4801 – personalretta tiltak/tillitsvalde og verneombod/personalforsikringar

Det samla budsjettet til personalforvaltninga vart for 2015 redusert med 2,253 mill. kr på bakgrunn av rekneskapstala dei siste åra. Gjennomgang pr. 30.04.15 syner at vi må reversere litt av denne reduksjonen. Tenestene vert tilrådd auka med samla 0,400 mill. kr i 2015.

## 2.6 Opplæring

### Teneste 5100 Utgifter til lokale

Ved salet av Luster vidaregåande skule til Luster kommune overtok kommunen også leasing-avtalen fylkeskommunen hadde med Nes eigedom AS. For 2015 vil salsavtalen få effekt for hausthalvåret. Dette medfører reduserte husleigeutgifter på 0,710 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår at budsjettet på tenesta vert nedjustert tilsvarende.

### Teneste 5151 Fellesutgifter for skulane

Finansiering av nytt skuleadministrativt system (VISMA flyt) har vore handsama politisk i fleire saker, seinast i HO-sak 24/14: «Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2019 - sektorbudsjett for opplæring». I saka står det m.a.:

*«Kostnaden ved lokalt mottaksapparat kjem i tillegg til estimert investeringskostnad. Det er enno for tidleg å kunne estimere kostnadane ved dei lokale mottaksprosjekta.»*

Lokalt mottaksapparat er no etablert for perioden 2015-2017. Prosjektet skal vere bindeledd mellom leverandør og fylkeskommunen som kunde. Arbeidet omfattar kontrakts- og analysearbeid, opplæring og tilrettelegging. Kostnaden til lokalt mottaksapparat er stipulert slik:

2015: 0,9 mill. kr  
2016: 1,3 mill. kr  
2017: 0,4 mill. kr

Fylkesrådmannen tilrår at kostnaden ved lokalt mottaksapparat på 0,9 mill. kr i 2015 vert finansiert ved omdisponering av ledige midlar på teneste 5211 Gratis læremiddel. Kostnaden for 2016 og 2017 vert lagt inn i økonomiplan 2016-19.

### Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter

Jf. pkt. 2.5 omstillingsprosjektet SFJ 2019. Løyvinga på 1,3 mill. kr vert omdisponert til teneste 4200 Administrasjon.

### Teneste 5210 Utdanningsprogramma

Fylkesrådmannen tilrår å redusere budsjettet med samla 10 mill. kr i 2015. Grunnlaget for reduksjonen er:

- 2-3 mill. kr som følgje av at det i mindre grad enn tidlegare vert tildelt ekstratimar til skulane.
- 3-4 mill. kr som følgje av at det er vedteke eit opplæringstilbod for skuleåret 2015-16 på 226 grupper, medan budsjettet (2015) er dimensjonert for ca. 232 grupper. Reduksjonen kjem mellom anna som følgje av reduksjon i søkjartala.
- 4 mill. kr som følgje av rekneskapsresultatet for 2014.

I arbeidsdokument 3/15 vart det vurdert at 4 mill. kr av denne samla reduksjonen kunne vidareførast i økonomiplanperioden 2016-19. Det viser seg no at denne m.a. er knytt til forsert gjennomføring av skulebruksplanen og redusert gruppetal. Innsparinga kan difor berre takast for året 2015 og delvis 2016.

#### Teneste 5211 Gratis læremiddel

Fylkesrådmannen tilrår at 0,9 mill. kr av løyvinga vert omdisponert til teneste 5151 Fellesutgifter for skulane.

#### Teneste 5701 Opplæring i bedrift

Det generelle nivået for tilskot for lærebedrifter vert vurdert til å vere noko høgt sett i lys av rekneskapsresultatet i 2014. Dette inneber ein reduksjon i ramma på 2,3 mill. kr i 2015. Reduksjonen vart innarbeidd i økonomiplanen i arbeidsdokument 3/15 for åra 2016-19.

Satsen for tilskot til lærebedrifter er auka frå 2014-15. KMD har lagt inn ein kompensasjon på 1,983 mill. kr i rammetilskotet for at fylkeskommunen skal kunne møte dei auka kostnadane. Fylkesrådmannen tilrår at tenesta vert auka tilsvarande.

Netto reduksjon på tenesta vert med dette 0,317 mill. kr.

## **2.7 Kultur**

#### Teneste 7710 Kunstformidling

Stortinget vedtok ved handsaming av statsbudsjett 2015 å auke fylkeskommunane sine inntekter med samla 30,8 mill. kroner til vidareføring av tiltak under den «kulturelle spaserstokken». Midlane vart lagt inn som ein auke i rammetilskotet og Sogn og Fjordane sin del av dette er 0,988 mill.kr. Teneste 7710 Kunstformidling vert auka tilsvarande.

#### Teneste 7900 Andre kulturaktivitetar

I arbeidet med budsjettet for 2015 vart det løyvd 0,3 mill. kr til landskyttarstemnet i Førde i 2015. Ved ein inkurie har denne løyvinga ikkje blitt innarbeidd i budsjettet. Fylkesrådmannen tilrår difor at teneste 7900 Andre kulturaktiviteter vert auka med 0,3 mill. kr.

## **3. KAPITALBUDSJETTET**

### **3.1 Investeringsprogram for bygg**

I tertialrapport 1/15 tilrår fylkesrådmannen å auke investeringsbudsjettet for bygg med 26,136 mill. kr. Auken kjem i hovudsak av forskyvingar i investeringsprosjekta og oppattløyving frå 2014. Vedlegg 1 syner oversikt over endringane i investeringsprogrammet med tilhøyrande finansieringsplan.

Nedanfor vert det gjort greie for endringar i nokre av prosjekta.

#### Samleprosjekt – Sogndal vidaregåande skule

Investeringar knytt til Sogndal vgs er no slått saman som følgje av felles entreprise. Følgjande prosjekt i investeringsprogrammet vert såleis presentert samla:

- NY224 Sogndal vgs, byggsteg II, studiespesialisering (løyving på 30,250 mill. kr i 2015)
- Del av NY001, Sogndal vgs, bygging av restaurant og matfag (løyving først i 2016)
- NY225 Sogndal idrettshall, rehabilitering (løyving på 17,510 mill. kr i 2015).

Prosjekta vert presentert samla på prosjektnummer NY 224 i vedlegg 1.

PC002 PC-ordninga

Det er årleg budsjettert med 5,9 mill. kr til kjøp av elev-pc-ar. Akkumulert ligg det att unytta midlar frå tidlegare år med 3,3 mill. kr. Ut frå prognosen for 2015 er det ikkje behov for å løyve opp att desse midlane. Prognosen for økonomiplanperioden tyder på at det frå 2017 vil vere behov for ein auke i løyvinga til PC-ordninga med om lag 0,5 mill. kr årleg. Fylkesrådmannen tilrår at løyvinga i perioden 2017-19 vert auka tilsvarande, finansiert med dei unytta midlane frå 2014.

IT001 IKT-investeringar

I samband med valet til hausten og nytt fylkesting er det behov for innkjøp av nye PC-ar til folkevalde. Utgifter til dette ligg ikkje inne i budsjettet for 2015. Det vert no tilrådd at vi budsjetterer med kjøp av 40 stk. til ein budsjettpris av 10.000.-/stk. pluss mva. Totalt må det då budsjetterast med kr. 0,4 mill. pluss mva. Fylkesrådmannen tilrår at det vert løyvd netto 0,4 mill. kr til dette føremålet, og at løyvinga vert driftsfinansiert gjennom denne tertialrapporten.

NY001 Konsekvensar av skulebruksplanen

Løyvingane til ombygging og nybygg som følgje av skulebruksplanen vert justert etter framdrifta i dei ulike prosjekta. Dei unytta midlane frå 2014 på 5,816 mill. kr er det ikkje behov for i 2015. Utifrå oppdatert framdriftsplan vert det behov for midlane i 2017.

Investeringsløyvinga knytt Hafstad vgs på 3 mill. kr i 2015 er teke inn att i samsvar med vedtak i FT 32/14 og FT 46/14.

NY233 Vassforsyning til Mo

Det har vore mindre utbetringar knytt til vassforsyninga på Mo som ha ført til kostnader på prosjektet i 2014. I investeringsbudsjettet er det ikkje lagt inn løyving til prosjektet før i 2016. Fylkesrådmannen tilrår å dekke kostnadane ved å flytte 0,3 mill. kr av løyvinga i 2016 til 2015. Reduksjonen i 2016 vert innarbeidd i økonomiplanen.

**3.2 Investeringsprogram for fylkesvegar**

I denne tertialrapporten legg fylkesrådmannen opp til ein samla reduksjon i investeringsbudsjettet i 2015 med 40,7 mill. kr frå 197,4 mill. kr til 156,7 mill. kr. Reduksjonen er knytt til overført meirforbruk frå 2014 på samla 17 mill. kr og reduksjon som følgje av tilrådde endringar i denne tertialrapporten på 23,7 mill. kr.

**Dalsfjordsambandet – varsling av meirforbruk**

Statens vegvesen har varsla eit meirforbruk på 22 mill. kr på Dalsfjordsambandet i 2015. Det er opplyst at det vart rapportert feil prognose for dette sambandet til FT-sak 25/14. SVV har enno ikkje funne årsaka til feilen, men vil rapportere på dette i tertialrapport 2/15. Fylkesrådmannen tilrår difor ingen endringar i prosjektet no, men vil kome attende til dette når det ligg føre ei forklaring. Viss det syner seg at gjeldande kostnadsoverslag er for lågt, må prognosen for prosjektet aukast med 22 mill. kr til 1 362 mill. 2015-kr. Det er førebels ikkje teke høgde for finansiering av ei ev. auke av kostnadsoverslaget.

**Skredsikring på fylkesvegnettet**

Budsjettet til skredsikring blir samla redusert med 3 mill. kr.

Endringar i Tertial 1/15	Beløp (mill. kr)
Overført mindreforbruk frå 2014	4,273
Samla mindreforbruk i tertialrapport 1/15	-7,328
<b>Sum</b>	<b>-3,055</b>

Tilhøyrande finansieringsplan vert tilrådd endra slik:

Finansiering	Budsjett 2015	Tertial 1/15	Revidert budsjett-2015
Statleg tilskot	74,800	-4,683	70,117
Statleg tilskot, unytta midlar frå 2014		2,128	2,128
Mva. kompensasjon	15,900	-0,500	15,400
<b>Sum</b>	<b>90,700</b>	<b>-3,055</b>	<b>87,645</b>

I det følgjande vert det gjort nærmare greie for dei tilrådde endringane i investeringane på skredsikring. Detaljert investeringsprogram for skredsikring følgjer som vedlegg.

#### Overførte midlar frå 2014 – skredsikring

Som tidlegare år legg fylkesrådmannen opp til å overføre meir-/mindreforbruk frå 2014 til dei aktuelle prosjekta i 2015. Samla var mindreforbruket i 2014 på 4,3 mill. kr. Fylkesrådmannen vil difor tilrå å auke prosjektløyvingane i 2015 med 4,3 mill. kr.

#### Samla mindreforbruk på skredsikringsprosjekt

Det blir rapportert om endringar som samla sett gir eit mindreforbruk på 7,3 mill. kr på skredsikringsprosjekta i 2015. Endringar som skuldast forskyving mellom år vert følgd opp med tilsvarende budsjettendring i 2016. Det vert lagt opp til følgjande endringar:

- Fv. 337 Buskredene vert redusert med 1,9 mill. kr. Prosjektet er ferdig og det står berre att kostnader til endeleg grunnoppgjer.
- Fv. 337 Bjødnabakken vert redusert med 11,5 mill. kr i 2015. Reduksjonen skuldast hovudsakleg seinare oppstart enn forventa etter vinteren på grunn av snø og rasfare.
- Fv. 55 Renninganeset – rasvoll Lånefjorden vert auka med 4,3 mill. kr. Dette skuldast høgare pris på anbod enn byggherrekalkyle. Det var god konkurranse om anbudet og prosjektet skal gjennomførast.
- Fv. 53 Fjellsikring Finnsåstunnelen vert auka med 0,7 mill. kr. Prosjektet er avslutta med eit meirforbruk som må dekkast inn i 2015.
- Fv. 55 Vadheimstunnelen vest vert auka med 0,2 mill. kr. Prosjektet er avslutta med eit meirforbruk som må dekkast inn i 2015.
- Mindre rassikringiltak - prosjektering for 2016. Det vert sett av ei løyving på 0,8 mill. kr til prosjektering av mindre prosjekt. Dette er naudsynt for å kunne halde opp aktiviteten på skredsikring og unngå mindreforbruk i høve til statleg løyving. Det vil bli sett i verk prosjektering av følgjande mindre skredsikringiltak: fv. 50 Østerbø (Wysentårn), fv. 241 Nautgrovi (skredvoll), fv. 242 Skjerdalsberget (reinsk) og fv. 53 Eldegardsberget (fanggjerde, reinsk, bolting).

#### **Ordinære investeringar på fylkesveg**

Budsjettet til ordinære investeringar vert samla redusert med 37,6 mill. kr. Teknisk må investeringsbudsjettet for 2015 justerast ned som vist under for å sikre rom for å dekke inn meirforbruket frå 2014, samt tilpasse budsjettet til forventa mindreforbruk i 2015.

Endringar i Tertial 1/15	Beløp (mill.kr)
Overført meirforbruk frå 2014	-21,229
Samla mindreforbruk i tertialrapport 1/15	-16,413
<b>Sum</b>	<b>37,642</b>

Tilhøyrande finansieringsplan vert tilrådd endra slik:

Finansiering	Budsjett 2015	Tertial 1/15	Revidert budsjett-2015
Driftsmidlar til investering	16,300	3,000	19,300
Føresett mva. kompensasjon	20,100	-6,742	12,358
Fondsmidlar	3,000		3,000
Udekkta finansiering i 2014 (ekskl.mva)		-17,877	-17,877
Låneopptak	67,300	-16,023	51,277
<b>Sum</b>	<b>106,700</b>	<b>-37,642</b>	<b>69,058</b>

Driftsmidlar til investering er tilrådd auka med 3 mill. kr i eiga sak til hovudutvalet for samferdsle, tertialrapport 1/15 for samferdslesektoren. Denne tilrådinga er innarbeidd i finansieringsplanen.

I det følgjande vert det gjort nærmare greie for dei tilrådde endringane i dei ordinære investeringane. Detaljert investeringsprogram følgjer som vedlegg.

### Overførte midlar frå 2014 – ordinære investeringar

Som tidlegare år legg fylkesrådmannen opp til å overføre meir-/mindreforbruk frå 2014 til dei aktuelle prosjekta i 2015. Samla var meirforbruket i 2014 på 21,2 mill. kr. Fylkesrådmannen vil difor tilrå å dekke inn dette meirforbruket i 2015.

### Samla mindreforbruk på ordinære investeringsprosjekt

Det blir rapportert om endringar som samla sett gir eit mindreforbruk på 16,4 mill. kr på dei ordinære investeringsprosjekta i 2015. Endringar som skuldast forskyving mellom år vert følgt opp med tilsvarande budsjettdring i 2016. Det vert lagt opp til følgjande endringar:

Store prosjekt:

- Fv. 60 Olden - Innvik (Agjeld – Uglå) vert auka med 16,4 mill. kr grunna meirforbruk i 2014. Prosjektet treng sluttfinansiering for å dekke meirforbruket. Prognose for slutt-kostnad er med dette 221 mill. kr, noko som er om lag 10 mill. kr over kostnadsoverslaget.
- Fv. 60 Uglå-Skarstein vert redusert med 20 mill. kr grunna både endring i prosjektet og i framdrifta, jf. FT-sak 6/15. Det er lagt opp til å nytte omlag 5 mill. kr i 2015 til byggherre-kostnader, prosjektering og grunnkjøp. Prosjektet er venta utlyst hausten 2015.
- Fv. 4 Brandangersundet vert auka med 0,6 mill. kr grunna auka kostnad til grunnerv. Prosjektet er no avslutta.

Mindre utbetringar:

- Fv 365 Pilestredet bru vert auka med 2,7 mill. kr grunna auka kostnadar med forlenga byggetid.
- Fv. 542 Osstrupen bru vert redusert med 14,5 mill. kr. Prosjektet vert dekka av ordinære vedlikehaldsmidlar då prosjektet ikkje kan definerast som eit investeringsprosjekt.
- Fv. 613 Steindøla bru vert avslutta med eit mindreforbruk på 0,2 mill. kr.
- Fv. 391 Bygstad – Laukeland vert avslutta med eit mindreforbruk på 0,6 mill. kr.
- Fv. 13 Rørvikfjellet vert avslutta med eit mindreforbruk på 0,1 mill. kr.
- Fv. 615 Seljesvora - rassikring vert avslutta med eit mindreforbruk på 0,2 mill. kr.
- Fv. 93 Holsbru brøytestasjon – prosjektering vert avslutta og løyvinga på 0,4 mill. kr vert omdisponert då prosjektet må gjennomførast som totalentreprise dersom det skal byggjast.

### **3.3 Sal av anleggsmidlar – nedbetaling av gjeld**

I rekneskapsavslutninga for 2014 vart det avsett midlar til kapitalfondet i samband med sal av ulike anleggsmiddel. Dette gjeld sal av eigendomen Røvarhillaren, sal av aksjar i Luna industri og sal av rettighetserverv knytt til eigedom ved Mo og Øyrane vgs. Det vert no tilrådd - i tråd med gjeldande rutine - at desse inntektene på samla 2,532 mill. kr vert nytta til nedbetaling av lånegjeld. Dette medfører følgjande endringar i kapitalbudsjettet:

<b>Kapitalbudsjettet 2015 – sal av anleggsmiddel</b>	<b>Endring T1-15</b>
Bruk av kapitalfond - avsett i 2014	-2,532
Ekstraordinært avdrag	2,532

I tillegg er det eignevedtak på at desse salsinntektene skal nyttast til nedbetaling av lånegjeld:

- sal av skulebygg på tidlegare Mo og Jølster vgs, avd Vassenden (FU-sak 118/14)
- sal av skulebygg på tidlegare Luster vgs (FU-sak 9/15)
- sal av grunn til Statens vegvesen på Mo (FU-sak 17/15).

Samla vert det nytta 12,142 mill. kr til ekstraordinær nedbetaling av gjeld i 2015.



#### **4. RAPPORTERING PÅ FINANSPORTEFØLJEN OG KONSESJONSKRAFT**

Rapportering på finansporteføljen per 1. tertial vert lagt fram for fylkestinget som ein del av tertialrapport 1/15. Rapporten følgjer som vedlegg 3.

Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga per 1. tertial vert lagt fram for fylkestinget som del av tertialrapport 1/15. Rapporten følgjer som vedlegg 4.

#### **5. BUDSJETTREGLEMENTET**

Endring i budsjettreglementet som følgje av nye rutinar knytt til rekneskapsføring av tilsegn:

Fylkesrådmannen har gjort endringar i rutinar/praksis knytt til tidspunkt for rekneskapsføring av utgifter og inntekter, balanse- og reskontroføring. Den nye praksisen er i tråd med GKRS (Foreining for god kommunal rekneskapskikk) sine retningslinjer. Den største endringa gjeld rekneskapsføring av tilsegn/utbetaling av tilskotsmidlar.

I enkelte høve vert det tildelt tilskot frå ein sektor til ein annan i fylkeskommunen. Eit døme på dette er at løyvinga til trainee er budsjettert under sektoren forvaltning sitt budsjett, medan bruken av midlane er på andre sektorar. I samband med slike interne tildelingar/tilskot har det vore naudsynt å opprette eit disposisjonsfond som kan nyttast på tvers av avdelingane. For å ikkje kome i konflikt med lovverket knytt til bruk og avsetting av fond, samt få ei mest mogleg praktisk handtering av dette, er det naudsynt med ei endring i gjeldande budsjettreglement.

Fylkesrådmannen vil difor tilrå ei nytt punkt 2.6.9 slik:

«Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere naudsynte transaksjonar, dvs både bruk og avsetting av fond, på disposisjonsfondet 25699980 Intern fordeling. Avsette midlar på dette disposisjonsfondet kan nyttast på alle programområde/tenester»

Punkta 2.6.9-2.6.11 i gjeldande budsjettreglement vert etter dette punkt 2.6.10 - 2.6.12